

# **FORSKRIFT OM OPEN BRENNING OG BRENNING AV AVFALL I SMÅOMNAR**

Fastsett av Voss kommunestyre 28.11. 2002 med heimel i lov av 13 mars 1981 om vern mot forureiningar og om avfall § 9 og Miljøverndepartementet sitt delegeringsbrev av 19 juli 2001.

## **§ 1 Føremål**

Føremålet med denne forskrifta er å hindra forureining og helseproblem i kommunen p.g.a. open brenning og brenning av avfall i småomnar (Ufullstendig brenning av avfall kan gje alvorlege helseplager, spesielt hjå personar som har allergi og /eller luftvegssjukdommar).

## **§ 2 Virkeområde**

Denne forskrifta gjeld open brenning og brenning av avfall i småomnar innanfor kommunen sine grenser (Forskrift om brannforebyggande tiltak og tilsyn, kap.8.2 "om bruk av ild utendørs" gjeld uavhenging av denne forskrifta).

## **§ 3 Definisjonar**

- a) Open brenning: all brenning som skjer utandørs ( gjeld også bråtebrenning/ grasbrenning).
- b) Småomnar: forbrenningsomnar som ikkje har løyve frå Statens forurensingstilsyn eller fylkesmannen eller er tillate etter statlege forskrifter etter forureiningslova (gjeld ikkje innandørs vedomn).
- c) Reint trevirke: ubehandla trevirke

## **§ 4 Forbod mot open brenning og brenning av avfall i småomnar**

Open brenning og brenning av avfall i småomnar er forbode med mindre anna følgjer av forskrifta sin §5.

## **§ 5 Unntak frå forbodet**

Følgjande brenning skal likevel vera tillate:

- a) Grilling av mat på utegrill \*
- b) Matlaging/brygging/klesvask på utandørs eldstader (gjeld kun ved bruk av reint trevirke).
- c) Open brenning i utepeis og til kaffibål (gjeld kun ved bruk av reint trevirke) \*
- d) Opptenning med avisopapir og brenning av reint trevirke, kol og koks i vedomn/koksomn (brenning av impregnert, måla og liknande trevirke er forbode).
- e) Eldstader (innandørs/utandørs) for tradisjonelt handverk/kunsthandverk der det vert nytta kol, koks, gass eller reint trevirke.
- f) Brenning av trevirke (spik) for utvinning av tjøra
- g) St. Hansbål og Olsokbål. Unntaket gjeld kun for næringsverksemd, lag og organisasjonar. Det er kun tillate å brenna reint trevirke. Lokalisering av bålplassen skal avklarast med brannsjefen i kommunen.
- h) Bråtebrenning for rydding av beite og vedlikehald av kulturlandskap på gardsbruk.

## **§ 6 Dispensasjon**

Rådmannen kan i særlege tilfelle dispensera frå forbodet i §4 etter søknad.

## **§ 7 Tilsyn**

Kommunen fører tilsyn med at føresegnene i denne forskrifta vert overhaldne.

## **§ 8 Klage**

Vedtak som er teke av rådmannen i medhald av denne forskrifta, kan påklagast til kommunen si særskilde klagemnd.

## **§ 9 Straff**

Brot på denne forskrifta kan medføra straffeansvar jf. forureiningslova § 78.

## **§ 10 Iverksetjing**

Denne forskrifta vert sett i verk frå 01.01 2003.

*\* I Prestegardsmoen gjeld dette kun på tilrettelagde grill/bålplassar.*